



HJELMELAND KOMMUNE
Vågavegen 116
4130 HJELMELAND

Kontakt saksbehandlar

Tina Eltervåg, 51568789

Fråsegn - høring - kommuneplan - Hjelmeland - revisjon kommuneplanene 2024 - 2036

Hjelmeland kommune har sendt forslag til planstrategi og planprogram for kommuneplanens samfunnsdel og arealdel på høring. Kommunen har også lagt ved oversiktsdokument over folkehelsa i kommunen.

Av nye nasjonale føringar vil me særleg trekke fram følgande:

- nye Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027
- ny nasjonal jordvernstrategi og revidert regionalt jordvernmål
- forpliktingar i den nye Naturavtalen
- endring av klimamåla for 2030 i § 3 i klimaloven
- ny barnevernslov
- den tryggingsspolitiske utviklinga i Europa inneber større forventningar til heilskapleg planlegging som også sikrar totalberedskapen
- ny lov om kommunane sitt ansvar på det boligpolitiske feltet.

I tillegg er det komme nye rettleiarar frå Regjeringa for planlegging av arealbruk, m.a. for planlegging av LNF-spreidd og fritidsbustad.

I det vidare har me meir konkrete innspel til vurderingar innan våre sektoransvarsområde.

Planstrategi og planprogram

Hjelmeland kommune har valt å slå saman arbeidet med planstrategi med oppstart av arbeidet med kommuneplanen slik plan- og bygningslova § 10-1 opnar for.

Kommunen skal revidera gjeldande kommuneplan med utgangspunkt i gjeldande målsetting og satsingsområde. Kommunen skal behalde visjonen *Hjelmeland Naturlegvis*. Kommunen ynskjer å leggja til rette for vekst i folketalet gjennom satsing på arbeidsplassar og attraktive lokalsamfunn gjennom sitt hovudmål *jobb og attraktivitet*. Kommunen har valt 3 satsingsområde:

1. Vidareutvikla «trekantsamarbeidet» offentleg, privat og frivillig sektor for å skapa ein basis for felles lokalsamfunnsutvikling med vekst i folketalet.



2. Næringsutvikling med basis i eksisterande næringar, der reiseliv vert særskilt vektlagt.
3. Lokalsamfunnsutvikling på ein slik måte at det er mogleg å byggja og bu i bygdene for alle generasjonar, samstundes med ei særleg satsing på tettstadsutvikling.

Kommunen skal mellom anna fokusera meir på attraktive lokalsamfunn, klima og naturmangfald enn i gjeldande plan, utarbeide ein arealstrategi gjennom arbeide med samfunnsdelen og bruke denne til utarbeiding av revidert arealdel og prioritere planvask.

Lovgrunnlag

Å vedta kommunal planstrategi er ei lovpålagt oppgåve med heimel i plan- og bygningslova § 10-1 som lyder slik:

Kommunestyret skal minst en gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i planperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling

Elles syner me til nye [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#) av 20.07.2023, kor Regjeringa sine forventningar til kommunane si planlegging, klima, miljø og jordvern med vidare kjem fram. Regjeringa forventar at kommunane prioriterer arbeidet med planstrategiar for å sikre at planane er oppdaterte og møter behova som følgjer av endringar i samfunnsmessige, demografiske, politiske og naturgitte forhold.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunal planstrategi er først og fremst eit strategisk dokument for kommunen som skal vere førande for kommunen sine prioriteringar av planarbeidet i den komande valperioden. Utarbeiding av planstrategien skal ta utgangspunkt i kommunens behov basert på ei lokal vurdering, men strategien skal også gi grunnlag for å vareta nasjonale og regionale interesser i den kommunale planlegginga.

Med bakgrunn i våre sektorinteresser har me følgjande merknadar til det oversendte forslaget:

Interkommunalt samarbeid

Interkommunalt samarbeid er i dag ein viktig del av kommunen si verksemd. Interkommunalt samarbeid kan omfatte alt frå utføring av tenester, faglege nettverk for informasjonsutveksling og kompetanseheving, til politiske samarbeidsorgan for ein region m.m. Det er lagt til rette i kommunelova for samarbeid mellom kommunar både når det gjeld driftsoppgåver og myndighetsoppgåver. Kommunen kan gjennom arbeidet med samfunnsdelen i kommuneplanen, økonomiplan med handlingsprogram og dei ulike tema- og handlingsplanane legge opp til ein systematisk gjennomgang av om det er område i kommunen der ytterlegare samarbeid, eller nye samarbeidsformer, med andre kommunar eller andre kan vere naudsynt for å levere god kvalitet på lovpålagte tenester, oppnå effektiviseringsgevinstar og sikre eit berekraftig velferdssamfunn inn i framtida. Dette kan til dømes vere aktuelt under arbeid med Kommunedelplan for byggeråstoff og massehandtering og Handlingsplan mot vald i nære relasjonar.



Folkehelse

Arbeidet med planstrategi skal bygge på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag. Folkehelselovens § 5 setter krav til kommunen om å ha nødvendig løypande oversikt over helsetilstanden i befolkninga og på faktorar som påverkar helsa. Kvart fjerde år skal kommunane utarbeide eit samla oversiktsdokument. Oversiktsdokumentet skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunens planstrategi, jf. folkehelseloven § 6 og forskrift om oversikt over folkehelsa § 5. Konsekvensar og årsaksforhold skal være vurdert i oversiktsdokumentet, og trekk ved utviklinga som kan skape eller oppretthalde sosiale eller helsemessige problem skal ha et særskilt fokus.

Folkehelseutfordringane skal vektleggast i drøfting og vurdering av alle relevante planar for kommunen som samfunn og organisasjon, jf. plan og bygningslovens § 3-1 f. Dersom oversiktsdokumentet viser at kommunen har folkehelseutfordringar på eit eller fleire områder, men ikkje har mål, tiltak og strategiar for å løyse dette i eksisterande planar, eller ser at nåverande planar ikkje er gode nok, bør dette drøftast i arbeidet med planstrategien. På denne måten vil ein også sikra ein overordna koordinering av den tverrfaglege/-sektorielle innsatsen som må til for å følge opp identifiserte folkehelseutfordringar. Statsforvaltaren ser at Hjelmeland kommune har utarbeidd et samla oversiktsdokument og lagt dette til grunn for arbeidet med kommunal planstrategi.

Statsforvaltaren vil utover dette trekke fram lovendingar knytt til barnevernsreforma og kommunens ansvar på det bustadsosiale feltet. Me ønskjer også å sette fokus på rekrutterings- og kompetanseplanlegging i helse- og omsorgstenestene.

Barnevernsreforma flytter meir ansvar til kommunane på barnevernsområdet. Reforma skal bidra til å styrke det førebyggjande arbeidet, tidleg- og tverrsektoriell innsats. Ny lov om barnevern § 5-1, pålegg kommunane å utarbeide planar for arbeid med å forebygge omsorgssvikt og åtferdsproblem. Planane blir betrakta som ein av grunnsteinane i kommunens arbeid med barnevernsreforma, og Kommunestyret skal vedta planane. Me merker oss at Hjelmeland kommune har utarbeidd og vedtatt ein slik plan. Me oppfordrar kommunen til å fortsette å halde fokus på førebyggjande arbeid retta mot utsette barn og unge.

Ny lov om kommunanes ansvar på det bustadsosiale feltet § 5 pålegg kommunen å ha oversikt over behovet for både ordinære og tilpassa bustadar for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Tilpassa bustader er bustader med hjelpe- og vernetiltak for dei som treng det på grunn av alder, funksjonsnedsetting, rus- og/eller psykiske plager eller andre årsaker. Oversikten skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunens planstrategi etter plan- og bygningsloven § 10-1. Ein drøfting av kommunens bustadsosiale arbeid bør inngå i strategien. Kommunen skal i sitt arbeid med kommuneplanen etter plan og bygningsloven kapittel 11 fastsette overordna mål og strategiar for det bustadsosiale arbeidet. Måla og strategiane skal være egna til å møte dei utfordringane kommunen står overfor med utgangspunkt i oversikten nemnt i første punktum. Lovens § 10 er ein overgangsføresegn som seier at krava til planstrategi og kommuneplan etter § 5 skal være oppfylt seinast fire år etter at loven trer i kraft.

Statsforvaltaren har i oppdrag å støtte og rettleie kommunane i deira arbeid med strategisk kompetanseutvikling i helse- og omsorgstenestene. Rekrutterings og kompetanseplanlegging skal ivaretakast i kommunanes samfunnsplanlegging for å sikre at kompetanse er i tråd med behov og teneste etterspørsel.



Hjelmeland kommune skal utarbeida ein innsatstrapp der attraktive lokalsamfunn er første trinn, heildøgns institusjonsopphold det siste. Dette er positivt. Kommunen anbefalast å utarbeide skriftlege, politisk vedtekne planar for å sikra kapasitet, kompetanse og kvalitet i helse- og omsorgstenestene. Demografiutfordringar og berekraft bør vere tema i planane.

FN-konvensjonen for menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)

FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) skal leggest til grunn i alt arbeid i kommunen som råkar personar med funksjonsnedsetting. Dette betyr innan dei fleste av kommunen sine tenester og ansvarsområde. Å bygga opp kompetansen om CRPD, og om det praktiske arbeidet som må til for å oppfylle rettane til personar med funksjonsnedsetting, krev eit eige fokus i kommunen. Å få CRPD med som eit prioritert område i samfunnsdelen til kommuneplanen og relevante tema- og handlingsplanar vil sikre naudsynt forankring og betre moglegheiter til å lykkast med arbeidet. I Innleiinga til planstrategien er Lov om likestilling og diskriminering omtala. Her kan eit lite avsnitt om CRPD også stå.

Personar som møter ulike barrierar for deltaking og inkludering i samfunnet på grunn av funksjonshindringar, utgjer ein stor del av kommunen sine innbyggjarar. Desse bør difor vere godt representert i medverkingsprosessane knytt til alle planar og relevante kartleggingar. Medverking frå råda i kommunen er naudsynt, men vil ikkje alltid vere tilstrekkeleg. Medverking frå dei som erfarer funksjonshindringar i samfunnet vil til dømes vere aktuelt i arbeidet med «Innsatstrappa», der kommunen skal utarbeide ei innsatstrapp tilpassa Hjelmeland.

Utdanning

I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, blir det trekt fram at det vil bli utfordrande å nå målet om mindre ulikskap. Utdanning er heilt sentralt for å utjamne forskjellar, og då kravs barnehagar og skular med høg kvalitet. I kunnskapsgrunnlaget til planstrategien må kommunen derfor utarbeide oversikt over styrker og utfordringar i fagområda, og vurdere om det er område som krev nye eller oppdaterte planar.

Dei nasjonale forventningane trekk og fram viktigheita av å tidleg vurdere lokalisering og arealbehov for nye skular og barnehagar. Skule- og barnehagebruksplanar bør vere oppdaterte på befolkningsframskrivingar og planar for bustadbygging. Det bør settast av areal til nye skular og barnehagar, som er i tråd med nasjonale myndigheiter sine anbefalingar.

Utdanning er viktig for å hindre utanforskap, og i forventningane til planstrategi blir det nemnt bekymring for barn og unge som står utanfor skule, utdanning og arbeidsliv. Rogaland har over tid hatt det lågaste fråfallet frå vidaregåande opplæring i landet, men det er viktig at kommunane stadig vurderer tiltak for å auke delen som fullfører. I ei tid kor alle kommunane busett flyktningar, er det viktig at kommunane har gode planar for å inkludera dei nyankomne, og eit godt opplæringstilbod, og for vaksne.

Bærekraftsmålet *God utdanning* er eit prioritert mål i planprogrammet, men skule og barnehage er ikkje eksplisitt nemnt. I gjeldande kommuneplan er skule og barnehage nemnt i samband med å utjamne forskjellar og for å sikre gode oppvekstvilkår, men Statsforvaltaren rår kommunen til å vise hovudstrategiar og mål i oppvekstsektoren i større grad i den nye kommuneplanen.

Utfordringsdokumentet inkluderer ikkje dei nyaste tala for oppvekstsektoren. Hjelmeland manglar barnehagelærarar, og nær 1/3 av årsverka til pedagogisk leiar har dispensasjon frå utdanningskravet. Dette er blant den største delen i fylket. Kompetansesituasjonen i grunnskulen synast å vere betre dette skuleåret, men her er det årlege variasjonar. Statsforvaltaren rår



kommunen om å utarbeide eller synleggjere strategiar for å rekruttere og behalde kompetanse i oppvekstsektoren.

Hjelmeland har busett mange flyktingar dei siste åra, og har ein stor del arbeidsinnvandrarar. Det er viktig for kommunen at desse blir buande, og ein god og inkluderande oppvekstsektor er eit viktig element i dette. Statistikk frå IMDi viser at mange unge innvandrarar står utanfor skule og arbeidsliv. Over 40 prosent av innvandrane mellom 16 og 25 er ikkje i vidaregåande opplæring, og har heller ikkje fullført og bestått. Fleire av desse er truleg i arbeid, men kan likevel være i ein utsett situasjon og i fare for utanforskap. Inkluderings- og integreringsstrategiar bør derfor visast til i kommuneplanen. Kommunen bør også vurdere å utarbeide eigen plan eller strategi på dette området, og dersom kommunen allereie har ein slik plan, bør denne synleggjerast på nettsidene.

I utfordringsdokumentet blir det vist til høgt fråfall frå vidaregåande opplæring, og bekymring knytt til auke i NEET. Statsforvaltaren deler desse bekymringane, og korleis kommunen vil handtere desse utfordringane bør visast i kommuneplanen.

Kommunen skal revidere dei langsiktige planane for skule og barnehage. Statsforvaltaren rår kommunen om å synleggjere desse planane betre. I dag er det berre ein utdatert utviklingsplan for skule, som finnast på nettsidene.

Økonomisk handlingsrom

Kommunen har i dag eit stort økonomisk handlingsrom. Det å arbeide for å forsterke og vidareutvikla samanhengen mellom kommuneplanen sin samfunnsdel, tema- og handlingsplanar med handlings- og økonomiplanen er viktig for å oppretthalde eit godt økonomisk handlingsrom inn i framtida.

Arealbruk og arealstrategi

I nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging er det tydeleg kommunisert at kommunane må vurdere arealbruken opp mot viktige omsyn som jordvern, naturvern, klimaendringar og klimagassutslepp, jf. bl.a. pkt. 45, 47, 53, 66 og 69. I pkt. 47 står det at kommunane ved revidering av kommuneplanen sin arealdel skal vurdere om tidlegare godkjent arealbruk skal endrast av omsyn til klima, naturmangfald, kulturmiljø, jordvern, reindrift, klimatilpassing, samfunnstryggleik og eit hensiktsmessig utbyggingsmønster.

Moglegheitene for fortetting, gjenbruk og transformasjon av allereie utbygde areal bør tas i bruk, før jordbruksareal, viktige natur- og friluftstarealer og karbonrike areal som myr, skog og anna næringsrik jord blir omdisponert. Planstrategien bør derfor også gjennomgå arealbruk og arealpolitikk i kommunen, og sørge for at desse samanfalle med viktige klima- og miljøomsyn.

Det er positivt at kommunen skal ha fokus på planvask i samband med kommuneplanarbeidet. Arealrekneskapet¹ til Hjelmeland kommune viser ein betydeleg planreserve for fritidsbustad kor ein stor del er på landbruksjord og karbonrikt areal. Me er positive til at kommunen gjer eit arbeid knytt til det å sjå på oppheving av eldre reguleringsplanar som ikkje er realisert og areal avsett til utbyggingsføre mål i kommuneplanen. Me forventar at kommunen går gjennom planreserven og vurderer å ta ut områder som ikkje er i tråd med nasjonale forventningar, jf. nasjonale forventningar pkt. 47, 48, 57 og 69. Me syner også til [fylkeskommunens digitale teneste for arealrekneskap](https://experience.arcgis.com/experience/ba9d2e09731447deac77d671320c566e) som eit godt verktøy.

¹ <https://experience.arcgis.com/experience/ba9d2e09731447deac77d671320c566e>



Regjeringa forventar at kommunane utarbeider arealstrategiar som ein del av kommuneplanens samfunnsdel og legg desse til grunn ved revisjon av kommuneplanens arealdel, slik Hjelmeland no legg opp til. Arealstrategien er viktig for å samordna bustad-, areal- og transportplanlegginga, fremma næringsutvikling, redusera klimagassutslepp, tilpasse samfunnet klimaendringane, skape sosiale berekraftige samfunn og redusera nedbygginga av dyrka mark og natur.

Det går fram av utfordringsbildet at det generelt har vore ei positiv utvikling i næringslivet, at det er aukande etterspurnad etter arbeidskraft og mangel på bustadar til bygging, kjøp eller leige. Dette er tema som bør inngå i arealstrategien som kan leggje føringar for korleis kommunen skal leggje til rette for bustader og næring. Når det gjeld tilrettelegging for fleire bustader og næringsareal, viser me til det ovannemnde, at moglegheitene for fortetting og god utnytting av allereie utbygde områder bør takast i bruk før nye områder blir lagt inn. Her vil eit arealrekneskap og gjennomgang av planreserven vera viktig.

Me vil elles vise til rettleiaren for kommuneplanens arealdel kap. 3.5.3 om Arealregnskap kor det i tredje avsnitt står følgjande:

«Sammenstilt med befolkningsprognoser kan arealregnskapet bidra i vurderingene rundt det reelle behovet for endringer i arealdelen ved rullering. I et bredere perspektiv er bruk av arealregnskap nyttig i samfunnsutviklingen, og ved planleggingen av arealbruk til for eksempel bolig, infrastruktur og kommunale tjenester som skole og helse.»

Me syner til rettleiar for [Planlegging for spredt bolig,- fritids- og næringsbebyggelse i landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområder](#) frå mai 2020. Fleire kommunar i Rogaland har ved revisjon av kommuneplanen sin no hatt ein gjennomgang og endring av måten å framstille eksisterande spreidde tiltak (bustad og fritidsbustad) i LNF-områda i tråd med rettleiaren. Me syner i denne samanheng til det arbeidet Suldal kommune gjorde i sin kommuneplanrevisjon no i 2022/23 som eit døme. Hjelmeland kommune bør vurdere å gjere dette også, jf. også presisering frå Kommunal- og distriktsdepartementet i eit brev til Statsforvaltaren om tematikken som er omtala i [denne](#) saka på vår nettstad.

Landbruk

Me syner til at Stortinget den 16.06.2023 vedtok ny, [nasjonal jordvernstrategi](#), kor det nasjonale målet for omdisponering av landbruksjord er redusert til maksimalt 2000 dekar dyrka jord i året. Det inneber at alle kommunar må ha fokus på å unngå omdisponering, vurdere tilbakeføring av areal som ligg i kommuneplanen og som over tid ikkje har vore regulert eller ikkje tilfredsstillar viktige mål innanfor ATP, effektiv utnytting, omsyn til jordvern og natur mv («planvask»). Dette er også presisert i [brev frå Landbruks- og matministeren og Kommunal- og distriktsministeren](#) til alle kommunestyrepolitikare dagsett 29.04.2024. Me legg til grunn at kommunen i vidare plan- og utgreiingsarbeid utarbeidar ein arealstrategi og eit arealrekneskap. Det finst mykje rettleiingsmateriell med vidare på Kommunal- og distriktsdepartementet sin nettstad, mellom anna temaside om Regional- og distriktpolitikk og Planlegging etter plan- og bygningslova. Til dømes [Meld. St. 27 \(2022-2023\) – Eit godt liv i heile Noreg – distriktpolitikk for framtida](#) og [Utvikling og evaluering av arealstrategiarbeid i åtte distriktskommunar](#).

Det er ikkje naudsynt å lage eigen temaplan for landbruk, men landbruket og skogbruket sin rolle i Hjelmeland kan gjerne vere tema i kommuneplanarbeidet. Når det gjeld utviklingstrekk og utfordringar innanfor landbrukssektoren i Hjelmeland er kommunen kjent med fleire av desse, og me syner til dømes til funn i spørjeundersøkinga «[Framtidsutsikter for landbruket i Rogaland](#)» og anna statistikk som kunnskapsgrunnlag for å gripe fatt i tematikken. NIBIO skal lage en ny, oppdatert



[verdiskapings-rapport for jordbruket](#) i Rogaland som vil være klar til hausten, som kommunen kan dra nytte av. Me syner også til vår [spørjeundersøking som gjaldt leigejord](#). Kommunen kan ha gjort seg nokre refleksjonar gjennom det arbeidet som gjeld korleis kommunen følgjer opp leigeavtaler og arbeidet med å følgje opp driveplikta i jordlova § 8.

Me syner elles til dei innspela me gav til Hjelmeland kommune si høyring av Handlingsplan for landbruk 2024-2028 i vårt brev av 05.10.2023 (dykkar ref. F.sak 88/23).

Strandsone

Avklaring av arealbruk i strandsona skal skje gjennom planlegging, og først og fremst gjennom kommuneplanen sin samfunns- og arealdel, jf. [Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen](#) (SPR-strandsone). Strandsona er ein avgrensa ressurs av nasjonal og regional betydning. Jf. pbl. § 1-8 skal det tas særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, landskap, friluftsliv og andre ålmenne interesser i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag.

Hjelmeland ligg i sone 3, områder med mindre press på areala. Her har kommunen større handlingsrom for å leggja til rette for ny utbygging som bidreg til næringsutvikling og arbeidsplassar. Ein differensiering av arealbruken skal skje gjennom kommunens overordna planlegging kor det blir vurdert behov for areal til ulike utbyggingsføremål og areal som skal skjermast mot nye inngrep. Uansett sone, bør utbygging konsentrerast til etablerte byggeområder. Areal til bustad- sentrums- og næringsutvikling bør prioriterast føre areal til fritidsbustad. Ved lokalisering av næringsområde bør det leggest vekt på om næringar har trong for tilgang til sjøen. Grunnlaget for allmenn rekreasjon i strandsona skal tryggast og utviklast vidare. Det bør leggest stor vekt på å oppretthalde og forbetre tilgangen til strandsona frå landsida og sjøsida, samt moglegheitene for å ferdast og opphalde seg langs sjøen.

Jamfør dei statlege planretningslinjene skal kommunen ved revisjon av kommuneplanen vurdere om tidlegare vedtekne byggeområde i strandsona, som ikkje er utbygd, skal oppretthaldast eller takast ut av kommuneplanen. Eldre reguleringsplanar som gir moglegheit for utbygging i strid med SPR-strandsone, bør reviderast eller opphevast. Me kan ikkje sjå at dette er omtalt i oversendinga, og oppfordrar kommunen til å også vurdere planvask opp mot strandsonsoneomsyn. Me oppfordrar og kommunen til å inkludere strandsona som tema i arealstrategien.

Natur og klima

Kommunane si arealplanlegging er avgjerande for at Noreg skal kunne redusera utsleppa i arealbruksektoren fram mot 2030, og for ivaretaking av natur. [Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#) (SPR-klima) seier at kommunen i sin planstrategi skal «*omtale behovet for oppdatering av eksisterende eller utarbeiding av nye planer, i lys av forventede klimaendringer og tidlige uønskede naturhendelser. I planstrategien skal det gjøres en vurdering av om hensynet til et endret klima innebærer et behov for oppheving eller revisjon av gjeldende planer.*» Retningslinja må sjåast i samanheng med [klimaloven](#), og særleg loven sin § 3, klimamål for 2030, som blei oppdatert hausten 2022 til å vere «*redusere klimagassutslippene med minst 55 % innen 2030*» samanlikna med 1990. Formålet med SPR-klima er å sikre at kommunane prioriterer arbeid med å redusere klimagassutslipp, legge om til miljøvenleg energi, og ivareta klimatilpassing i planlegging. Dette skal gjerast gjennom *bruk av et bredt spekter av kommunens roller og virkemiddel*. Statsforvaltaren meiner derfor at utsleppsreduksjon, energiomlegging og klimatilpassing som viktige og sektorovergripande satsingsområde bør være eit tema i kommunen sitt overordna planverk.

FN seier at val som blir tatt dette tiåret vil påverke planeten vår i tusenvis av år frem i tid. Kommunen har derfor eit ansvar for å begrensa sine klimagassutslipp, både som organisasjon og



som kommune. Når denne planstrategien skal erstattast vil det vere ca. 2 år til målsetninga om minst 55 % utsleppskutt samanlikna med 1990 skal vere nådd. Det er derfor klare forventningar om at planperioden me no går inn i nyttas til å legge kortsiktige og langsiktige planar for permanente klimagassutsleppsreduksjonar, og at kommunen sitt planverk oppdaterast i høve til klimalovas målsetningar, statlege planretningslinjer og nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027.

SPR-klima seier at *Planer som behandlar klima- og energispørsmål skal vurderes revidert minst hvert fjerde år, jf. bestemmelsene om revisjon av kommunale og regionale planstrategier*. Me anbefalar derfor at alle kommunar i Rogaland utarbeider ein oppdatert kommunedelplan for klima, med målsetningar som minimum tilfredsstillar den nasjonale målsetninga. Alle kommunar i Rogaland bør og utarbeide handlingsplanar med konkrete tiltak som skal settast i verk for å nå disse målsetningane, Desse handlingsplanane bør samordnast eller integrerast i økonomiplanen.

I Noreg har me eit mål om at ingen artar eller naturtypar skal forsvinne, og at me skal verne ein representativ del av den norske naturen for framtidige generasjonar. Dette har og blitt meir aktuelt etter at Noreg, saman med 195 andre land, skreiv under på Naturavtalen i Montreal i 2022, kor eit av måla er å verne 30 % av all natur på land og i vann innan 2030. FN har vidare erklært 2021-2030 som tiåret for restaurering av natur. Restaurering av økosystem har som mål å forhindre, stoppe og reversere svekkinga av økosystem på alle kontinent og i alle hav. Den nye naturavtalen peikar på kor viktig det no er å restaurere meir natur, og har satt som mål å restaurere 30 % av dei forringa økosystema innan 2030. Naturavtalen sine målsetningar legg og føringar for kommunane i Rogaland, og me anbefalar at kommunane legg opp til at naturavtalen sine målsetningar om vern og restaurering kan nås i kvar kommune, eller at det samarbeidast på tvers av kommunegrensar for ein heilskapleg måloppnåing.

Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for naturen er eit viktig grunnlag for planlegginga, og planprosessane kan bidra til å identifisere viktig naturmangfald, økologiske samanhengar og viktige funksjonsområde på land og i sjø. Eit systematisk arbeid med naturmangfald i planlegginga vil bidra til langsiktig ivaretaking av verdifulle naturområde, og kan avdekke behovet for meir kunnskap. Ein tematisk kommunedelplan for naturmangfald kan vere eit ledd i eit slikt arbeid. Kommunen er i gong med utarbeiding av ein slik plan, som kan bli eit godt verktøy for kommunen sitt arbeid med naturmangfald i kommuneplanen.

Hjelmeland kommune bør løfte klima- og natur opp som eit eige satsingsområde, saman med utvikling av «trekantsamarbeidet», næringsutvikling og differensiert bustadutvikling. Klima og natur er av FN definert som dei to største eksistensielle truslane som menneskeheita opplev i dag. Me meiner difor at kommunen bør løfte desse problemstillingane enno meir.

Elles er det bra at kommunen viser til klima- og naturfokus. Kommunen har ikkje klart å kutte sine totale utslepp, verken førre året eller sidan 2009, så det er behov for eit sterkare fokus på reduksjon av klimagassutslepp, ta i vare naturen og å tilpasse seg til eit klima som allereie endrar seg i rekordfart.

Samfunnstryggleik

Klimaendringane og den tryggleikspolitiske utviklinga med auka spenningsnivå og krig i Europa, gjer det nødvendig å ta omsyn til førebyggjande samfunnstryggleik i større grad, også innan planar etter plan og bygningsloven. Dette bør leggjast vekt på ved revidering av Heilskapleg ROS, og vidare i anna relevant planverk. Det er positivt at planstrategien blir sett i ein større samanheng ved å omtale



internasjonal utvikling, krig, klima og natur. Det kan gjerne vere ei tydelegare kopling imellom HROS og samfunnsdel.

Slik samfunnet utviklar seg er det også viktig å minimere konfliktpotensialet mellom kritisk infrastruktur og nye næringsområde, og anlegg som kan påverke risikobiletet for eit område. Det er også viktig å vurdere korleis risikobiletet blir endra som følge av det grønne skiftet; som aukande kraftproduksjon og bruk av nye energiformer, ny teknologi og korleis det kan påverke sårbarheita i samfunnet.

Nye statlege føringar legg større vekt på å ta omsyn til klimaendringar og naturfare innan samfunnstryggleik og beredskap. Det same gjeld viktigheita av å ta vare på samanhengande natur- og landbruksområde, også i eit beredskapsperspektiv. Dyrka jord er viktig for landets eigenberedskap og også derfor bør me derfor ta vare på dei jordressursane som er, og sjå til at dei blir haldne i drift.

Regjeringa forventar at kommunane bidreg til ein robust kritisk infrastruktur, som kraftforsyning, drikkevassforsyning og avløpssystem.

Omsyn til Forsvaret har tradisjonelt ikkje vore forventa i plansamheng, men dagens tryggleikspolitiske situasjon gjer at det må leggest meir vekt på vurderingar i forhold til totalforsvaret også i arealplan. Dette gjeld både Forsvarets eigne areal, kva dei treng av nye areal i framtida og kritisk infrastruktur dei er avhengige av for å kunne forsvare landet. Totalberedskap og samfunnstryggleik er eit nasjonalt satsingsområde, og vi meiner derfor det er behov for å innlemme samfunnstryggleik på ein tydelegare og meir forpliktande måte i planstrategien og planprogrammet, og i planarbeidet framover.

Hjelmeland vil revidere kommuneplanens samfunnsdel, men og behalde ein del av det gjeldande. Ei revidering no er fornuftig, slik at ein får innarbeide meir om tema som klimaendringar, grønt omstilling og kraftbehov, tap av natur og totalforsvaret. Det er og viktig å oppdatere samfunnsdelen i tråd med funn i heilskapleg ROS.

Utgreiing og kartlegging

Kommunen bør vurdere å skaffe seg eit betre kunnskapsgrunnlag ved å farekartlegge skredutsette område der det bur folk, dersom det er gjentakande utfordringar med utvikling i aktsemdområde i kommunen. Me minner og om at det stadig kjem ny informasjon om klimaendringane, no sist ny rapport om havnivåstigning med rettleiar og nye tal på stormflo som må innarbeidast i planlegginga. I arealstrategien bør kommunen tydeleggjere dei juridiske rammene for bygging i strandsona og havnivåstigning. Det kan og vere nyttig å kartfeste bustader som ligg i faresoner, til bruk i kommunens vidare arbeid med risiko og sårbarheit.

Hjelmeland er ein stor hyttekommune, og det kan vere fornuftig å innarbeide ulike risikovurderingar som gjeld dei, t.d. skogbrannforebygging og -beredskap for slike område. Eit varmare klima aukar risiko for brann både grunna meir tørke og auka biomasse. Saman med gjengroing kan brannrisikoen auke i mange område. Dette kan gjerne inngå som ein del av klimasårbarheitskartlegginga som er planlagt.

Me vil og minne om at naturbaserte løysingar må vurderast for å dempe avrenning, og at dette må vurderast i ROS-analyser for planar der natur blir bygd ned. Kommunen kan gjerne vurdere å



kartlegge fordrygingsareal og, som del av klimasårbarhetsanalyse. Der ein kan sjå på samanhengen mellom nedbygging/drenering og auka avrenning nedstraums.

Klimarisiko

Klimarisiko kan gjerne takast med i planstrategien, og dei ulike aspekt ved det innarbeidast i HROS ved neste revidering. Me vil påpeke Klimarisikoutvalets omtale av søksmålrisiko, som er risiko som vil vere relevant for fleire kommunar etter kvart som klimaendringane fører til skade på eigedom som ikkje er godt nok klimatilpassa. Klimarisiko kan gjerne sjåast på i samanheng med naturrisiko, som er greidd ut om i NOU 2024:2. Det skal vise risikoen forbunde med tap og forringing av natur, for både enkeltaktørar og for samfunnet. Me meiner ein må sjå heilskapleg på dei ulike risikoane forbundne med endringane i arealbruk og minkande natur.

Med helsing

Bent Høie (e.f.)
statsforvalter

Kirsten Redmond Kristiansen
fagleder forurensing

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstuen	0301	Oslo
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 sentrum	5804	Bergen
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Kystverket	pb. 1502	6025	ÅLESUND